



# Prosjektplan for Ny skule Eikanger/Kløvheim (13150)

Dokumentansvarleg: Kristin Moe  
Forfattar: Linn Hagen og Inger Marie Jordal  
Dato oppretta: 31.05.2016  
Dato sist endra: 15.08.2016  
Arkivreferanse:

| Godkjent av    |   | Namn:                | Signatur |
|----------------|---|----------------------|----------|
| Prosjekteigar: | ✓ | Ørjan Raknes Forthun |          |
|                |   |                      |          |
|                |   |                      |          |
|                |   |                      |          |
|                |   |                      |          |



## Endringsoversyn

| Versjon | Dato     | Skildring av endring | Utført av          |
|---------|----------|----------------------|--------------------|
| 0.10    | 31.05.16 | Dokument etablert    | Inger Marie Jordal |
|         |          |                      |                    |

## Distribusjon for kvalitetssikring

| Versjon | Dato     | Distribuert til               | Sendt av           |
|---------|----------|-------------------------------|--------------------|
| 0.10    | 15.08.15 | Prosjektansvarleg Kristin Moe | Inger Marie Jordal |
|         |          |                               |                    |

## Forkortingar

| Forkorting | Fullt namn    |
|------------|---------------|
| FO         | Formannskapet |
| KO         | Kommunestyret |

## Styrande dokument

| Dokumenttittel  |
|---|
| Prosjektmandat for Ny skule Kløvheim/Eikanger 16/1572: 26.05.16 |
| Økonomiplan 2017-2020 16.06.2016                                |
| Kommunedelplan for skule 2014-2018, vedtak i KO: 18.06.15       |
| Kommuneplan – arealdel for Eikanger/Kløvheim                    |
|   |

## Andre sentrale dokument

| Dokumenttittel   |
|--|
| Helsedirektoratet – Veileder IS 2073 2014; Miljø og Helse i skolen - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler                                      |
| Kommunedelplan for grunnskulen i Lindås 2010-2020  |
| Kommunedelplan skule – rullering 2012-2013, vedtak i KO: 21.03.13  |
| Grunnlag for kommunedelplan for E 39 – silingsrapport [August 2016]  |
| Utvikling i folketal i Lindås kommune 2010-2029, Prognose for utvikling av folketal, barnetal og elevtal i skulane sine inntaksområde datert: REV 0 dato 2015-02-22, Norconsult. |
|  |

## Vedlegg

| Nummer | Versjon/Dato | Namn |
|--------|--------------|------|
|        |              |      |
|        |              |      |

## Innhold

|     |   |    |
|-----|---|----|
| 1   | Bakgrunn og behov.....  | 1  |
| 2   | Mål for prosjektet.....   | 2  |
| 2.1 | Resultatmål /hovudmål.....  | 2  |
| 2.2 | Delmål.....   | 2  |
| 2.3 | Effekt- og gevinstmål.....  | 3  |
| 2.4 | Målgruppe.....  | 3  |
| 2.5 | Kritiske suksessfaktorar og suksesskriteria.....                            | 3  |
| 2.6 | Gjeldande premisser og føresetnader.....                                    | 3  |
| 2.7 | Avgrensingar.....   | 4  |
| 2.8 | Kvalitetssikring.....   | 4  |
| 2.9 | Sluttkriterium for prosjektet.....  | 4  |
| 3   | Prosjektet si framdrift, hovudmilepælar og hovudleveransar – overordna..... | 5  |
| 3.1 | Prosjektet si varighet.....   | 5  |
| 3.2 | Framdriftsplan, heile prosjektperioden – overordna.....                     | 5  |
| 3.3 | Hovudmilepælsplan.....  | 5  |
| 3.4 | Leveranseplan.....  | 5  |
| 3.5 | Samanheng med andre prosjekt og aktivitetar.....                            | 6  |
| 4   | Organisering, ansvar og bemanning.....                                      | 7  |
| 4.1 | Organisering – del 1 Programmering (Organisasjon byggherre).....            | 7  |
| 4.2 | Rapportering og kommunikasjon.....  | 7  |
| 4.3 | Bemanningsplan.....   | 8  |
| 4.4 | Plan for overføring til linjeorganisasjon / forvaltning.....                | 8  |
| 5   | Prioritering og finansiering.....   | 9  |
| 5.1 | Finansiering.....   | 9  |
| 6   | Risikoanalyse.....  | 10 |

# 1 Bakgrunn og behov

|                                       |  |
|---------------------------------------|--|
| Prosjektnamn                          | Ny skule Eikanger/Kløvheim   |
| Prosjekteigar                         | Lindås kommune v/rådmann Ørjan Raknes Forthun  |
| Prosjektansvarleg                     | Kommunalsjef oppvekst, Kristin Moe   |
| Prosjektleiar                         | Inger Marie Jordal   |
| Prosjektet sin startdato og sluttdato | 26.05.16 – 31.12.2022 (+ 5 års garantitid)   |
| Prosjektet si totale budsjettamme     | 115 millionar kroner   |
| Hovudmål                              | <ul style="list-style-type: none"><li>• Byggje ny felles skule for skulekrinsane Eikanger og Kløvheim. Skulen skal vere ein fulldelt barneskule med kapasitet til å ta i mot 200 elevar.</li></ul> |

## Bakgrunn

Rådmannen fekk i oppdrag å utarbeide ein ny kommunedelplan for skule gjeldande for 2014-2018. Planen var avgrensa til å omfatta to av ungdomsskulekrinsane, Ostereidet og Lindås. Tema i planen er vidare avgrensa til folketalsprognoser og elevtalsutvikling, alternative strukturløysingar, investeringsbehov og ei vurdering av konsekvensar for den enkelte skule i krinsane. Planen skal greie ut alternative løysingar av framtidig skulestruktur og har følgjande målsetjing:

- Ein berekraftig kommuneøkonomi (mellom anna redusere driftskostnadane)
- Eit likeverdig skuletilbod til alle elevane i kommunen
- Ein stabil skulestruktur over tid

Konklusjonen i planen var mellom anna følgjande:

Rådmannen rår til at ein går vidare i høve til å byggje ny skule for Eikanger og Kløvheim. Med dette vil ein kunne få ein rein fulldelt barneskule i denne delen av kommunen. Kommunen bør sikre seg tilstrekkeleg storleik på ny skuletomt, slik at ein har høve til utviding på eit seinare tidspunkt. Dette med omsyn til både auke i elevtalet ved skulen samt ei eventuell flytting av Ostereidet ungdomsskule til Eikanger. Avgjerd om å flytte ungdomsskulen til Eikanger, bør ikkje takast som ein del av denne prosessen, men sjåast i eit 10-20 års perspektiv. [Kommunedelplan for skule 2014-2018, vedtak: 18.06.15]

Rådmannens tilråding vart endeleg vedtatt i kommunestyret den 18.06.15.

I samband med planprosess knytt til Kommunedelplan for skule 2014-2018, vart det 21.05.2015 fatta vedtak om at Lindås kommune skal starte opp prosjekt med mål om å byggje ny skule for Kløvheim og Eikanger skular. Rådmannen skal leggje fram framlegg til mandat for dette prosjektet i løpet av første kvartal 2016. I budsjettet er det lagt til grunn ein ny skule for inntil 200 elevar.

Prosjektet «Ny skule Eikanger/Kløvheim» er lagt inn i økonomiplan 2017 – 2020 i samsvar med skulebruksplanen, med oppstart i 2019.



## 2 Mål for prosjektet

### 2.1 Resultatmål /hovudmål

- Bygge ny felles skule for skulekrinsane Eikanger og Kløvheim. Skulen skal vere ein fulldelt barneskule med kapasitet til å ta i mot 200 elevar.

### 2.2 Delmål

1. Førebu sak om midlar til forstudie og moglegheitsstudie, klargjere grunnlagsdokument til eksterne konsulentar.  
→ Saksframlegg og prosjektplan FO/KO 01.09.16/15.09.16.
2. Forstudie og moglegheitsstudie tomt
  - Forstudie: Greie ut moglege plasseringar av ny felles skule for Kløvheim og Eikanger skulekrinsar. Leggje fram vurdering av aktuelle tomtar samt forslag om siling.
  - Saksframlegg FO/KO 24.11.16/08.12.16
    - Vurdere enkelte tomtar nærare, leggje fram forslag om tilråding av tomt/tomtar.
    - Saksframlegg FO/KO februar/mars 2017.
3. Reguleringsarbeid/tomtekjøp
4. Fullstendig byggeprogram. Oppstart haust 2018. Byggeprogrammet skal innehalde:
  - Funksjonsprogram: det vil seie plan for dei faglege tenestene skulen skal yte.
  - Romprogram – oppstilling over arealbehov for dei einskilde rom og funksjonar.
    - Under desse to punkta må ein og greie ut om det skal setjast av ekstra areal til kulturarena/kulturskule og idrett (ute og inne), vurdere sambruk eller eventuelt oppgje arealbehov.
  - Tomteval, helst skissert på godkjent reguleringsplan.
  - Offentlege godkjenningar knytt til tomt, vatn, avløp og kraft.
  - Gjennomgang av grunnbok der dette er naudsynt.
  - Kostnadsoverslag på investering og på årskostnader.
  - Finansieringsplan.
  - Kvalitetskrav – både bygningsmessig og på tekniske fag.
  - Val av entrepriseform.
  - Framdriftsplan for prosjekteringsfase og for byggeprosess.
  - Prosedyre for innkjøpt av inventar og utstyr.
5. Prosjektering/funksjonsskildring i 2019. Fasane under avhenger noko av entrepriseform.
  - skisseprosjekt
  - forprosjekt
  - detaljprosjekt
  - kontrahering
6. Bygging ca. år 2020-2022. Innflyttingsklar skule haust 2022.
7. Drifts og reklamasjonstid (5 år → fram til år 2027).



## 2.3 Effekt- og gevinstmål

### Effektmål for delmål 1 og 2:

Ha klart plassering og storleik på ny skule i løpet av februar/mars 2017, slik at ein kan starte arbeidet med tomtekjøp og reguleringsarbeid våren 2017.

### Effektmål for heile prosjektet

- Skape ein felles undervisningsarena for elevane frå Eikanger og Kløvheim.
- Bygge eit driftssikkert bygg – fokus på solide material og haldbare tekniske løysingar (kvalitetsbevisst). Låge livsløpskostnadar.
- Skulen skal lett kunne tilpassast forandringar og nye situasjonar slik at endringar i organisasjonsform, undervisningsopplegg og arbeidsmetodar enkelt kan tilpassast seinare læreplanar/formål.
- Gjennom skulebygget og uteområdet skal ein leggje til rette for eit godt læringsmiljø.
- Utforme ei god og trygg trafikkøysing i samband med levering/henting av elevar, parkering og varelevering.
- Skape gode løysingar for sambruk/fleirbruk av både uteareal og bygningsmasse gjennom døgnet.
- Skape eit skuleanlegg som er utforma slik at vaksne og born har gode høve til å utøve sine arbeidsoppgåver.
- Oppfylle formelle krav angitt i lovar og forskrifter, mellom anna i plan og bygningsloven med teknisk forskrift, lov om offentlege anskaffingar og helsedirektoratet sin forskrift om miljøretta helsevern med veiledar.

## 2.4 Målgruppe

- *Primær målgruppe*  
Interne: Elevar, tilsette, driftspersonell
- *Sekundær målgruppe*  
Eksterne: Publikum, lag, foreiningar etc.

## 2.5 Kritiske suksessfaktorar og suksesskriteria

- Vellukka tomtekjøp - at Lindås kommune skaffar seg tomt på ønska plass, med ønska storleik, og innanfor tidsplanen i prosjektet.
- Reguleringsarbeid – at tomta vert regulert innanfor tidsplanen i prosjektet
- Sørgje for at brukarane vert høyrde, kjenner seg ivaretatt og jobbar i lag mot eit felles mål – ein ny felles skule.
- Gjennomføre prosjektet innanfor vedtekne rammer med omsyn til tid, økonomi og løysing – tilstrekkeleg kapasitet prosjektstyring.
- Gode og informative prosessar i planleggings- og byggeperioden - lite tid brukt på konflikhtar mellom partane.

## 2.6 Gjeldande premissar og føresetnader

Sjå tabell for styrande dokument og andre sentrale dokument.



## 2.7 Avgrensingar

I prosjektet inngår

- Ein fulldelt barneskule med kapasitet på 200 elevar
- Midlar til tomt, skulebygg og utomhusanlegg

Følgjande inngår ikkje i prosjektet:

- Midlar til ny infrastruktur (veg, vatn og avløp)
- Midlar til utvida skuletomtareal
- Areal og midlar til kultur og idrett

## 2.8 Kvalitetssikring

Prosjektet skal gjennomførast i tråd med overordna styringsdokument i Lindås kommune:

- Prosjektmanualen til Lindås kommune.
- Retningslinjene for styring av investeringsprosjekt.
- Prosjekterande skal vera ISO 9001-sertifiserte bedrifter med krav til KS-system.

Vurdering av aktuelle tomter vert utført av eksterne rådgjevarar, for å sikre at prosessen vert grundig utført med god fagleg tyngde, og utan subjektive meiningar. Sidan saka omfattar to ulike bygder som skal verte høyrde, er det spesielt viktig at prosessen er grundig og ryddig. Bruk av eksterne rådgjevarar er og knytt til at planavdelinga ved Lindås kommune ikkje har kapasitet til å gjere dette arbeidet no. Prosessen vil gå føre seg etter dei same metodane som planavdelinga ville nytta, etter same lovverk og i dialog med planavdelinga.

Prosjektgruppa skal ha tett dialog opp mot styringsgruppe, brukargruppe og referansegruppe ved tilråding av tomt.

## 2.9 Sluttkriterium for prosjektet

Prosjektet i sin heilheit vert avslutta når garantitida er over, 5 år etter ferdigstilling. I følgje den grovt skisserte framdrifta som føreligg pr. i dag, vert bygget ferdigstilt i 2022, og garantitida vil vare til år 2027.

Sluttkriteria for dei ulike delmåla vert sett undervegs i prosjektet. For delmål 1 og delmål 2 er kriteria følgjande:

- Delmål 1 vert avslutta når saka vert lagt fram for FO og KO 01.09.16/15.09.16.
- Delmål 2 vert avslutta når mogleighetsstudiet vert lagt fram for FO og KO i mars 2017, og endelig tomt er beslutta.

### 3 Prosjektet si framdrift, hovudmilepælar og hovudleveransar – overordna

Frå mai 2016 - desember 2022.

Framdrifta er grovt skissert i hovudmilepælsplan i punkt. 3.3. Det er tidleg i prosjektet, og difor mange usikkerheiter i prosjektet. Ein meir detaljert framdrift avhenger mellom anna av tomteval, kjøp av tomt og reguleringsarbeid, omfang av ny infrastruktur, entreprisereform med meir.

#### 3.1 Prosjektet si varighet

Sjå punkt 3.3.

#### 3.2 Framdriftsplan, heile prosjektperioden – overordna

Sjå punkt 3.3.

#### 3.3 Hovudmilepælsplan

Tabellen under gir en oversyn over prosjekts hovudmilepælar.

| Milepæl nr | Milepæl  | Dato                  | Ansvarlig                        | Kriterier for oppnådd milepæl   |
|------------|--|-----------------------|----------------------------------|---|
| HMP1       | FO/KO -<br>Orientering om prosjektplan,<br>midlar til ekstern forstudie og<br>moglegeitsstudie | 01.09.16/<br>15.09.16 | PL                               | Godkjent vedtak.  |
| HMP2       | FO/KO – Framlegg av forstudie<br>del 1 og innspel frå brukarar.<br>Vedtak om siling av tomtar. | 24.11.16/<br>08.12.16 | PL                               | Godkjent vedtak.  |
| HMP3       | FO/KO - Presentasjon av<br>moglegeitsstudie med tilråding<br>av tomt.                          | Mars 17               | PL                               | Godkjent vedtak.  |
| HMP4       | Reguleringsarbeid og tomtekjøp   | 2017-2018             | PL                               | Kjøpt og ferdig regulert tomt.  |
| HMP5       | FO/KO - Byggeprogram   | Hhaust 2018           | PL                               | Godkjent vedtak.  |
| HMP6       | Skisseprosjekt   | 2019                  | PL                               | Handsamast administrativt.  |
| HMP7       | FO – Forprosjekt<br>Eit konkret framlegg til<br>planløyising og utforming av<br>prosjektet.    | 2019                  | PL                               | Godkjent vedtak FO, (eventuelt etter<br>handsaming i politisk styringsgruppe).<br>Eventuelle rammeoverskridingar skal<br>godkjennast i KO.  |
| HMP8       | Detaljprosjekt – komplett<br>tilbodsgrunnlag   | 2019                  | PL/<br>Prosjekterings-<br>gruppe | Godkjent av rådmann.  |
| HMP9       | Kontrahering<br><br>FO - referatsak  | 2020                  | PL                               | Tilbod vurderast med prosjektgruppa. Ikkje<br>nødvendig med vidare godkjenning så lenge<br>prosjektet er innafor økonomisk ramme.<br>Tilbodsresultatet skal leggest fram for<br>formannskapet og eventuelt politisk<br>styringsgruppe som referatsak. |
| HMP10      | Byggjstart   | 2020-2022             | PL                               |   |
| HMP11      | Overlevering av bygg   | Våren 2022            | PL                               |   |
| HMP12      | FO/KO - Sluttregnskap  | Ila 2022              | PL                               |   |

#### 3.4 Leveranseplan

Tabellen under gir eit oversyn over prosjektet sine hovudleveransar.



Prosjektet si framdrift, hovudmilepælar og hovudleveransar – overordna


| ID   | Leveransenamn  | Skildring                | Lev. Dato    | Ansvar | Kvalitetssikring         | Godkjennast av                  |
|------|--|--------------------------|--------------|--------|--------------------------|---------------------------------|
| HL1  | Orientering om prosjektplan, tilrå midlar til forstudie og moglegheitsstudie     | Skrivefrist 22.08.16     | 01.09.16     | PL     | Internt i prosjektgruppa | FO/KO                           |
| HL2  | Presentasjon av moglege tomtar og brukarmedvirkning. Vedtak om siling av tomtar. | Skrivefrist 09.11.16     | 24.11.16     | PL     | Internt i prosjektgruppa | FO(/KO)                         |
| HL3  | Presentasjon av moglegheitsstudie med tilråding av tomt.                         | Skrivefrist februar 2017 | Mars 17      | PL     | Internt i prosjektgruppa | FO/KO                           |
| HL4  | Reguleringsarbeid og tomtekjøp   |                          |              | PL     |                          | FO/KO                           |
| HL5  | FO/KO - Byggeprogram   |                          | Hausten 2018 | PL     |                          | FO/KO                           |
| HL6  | Skisseprosjekt   |                          | 2019         | PL     |                          | Administrasjon                  |
| HL7  | Forprosjekt  |                          | 2019         | PL     |                          | FO                              |
| HL8  | Detaljprosjekt   |                          | 2019         | PL     |                          | Rådmann                         |
| HL9  | Kontrahering   |                          | 2020         | PL     |                          | Prosjektgruppa<br>Referatsak FO |
| HL10 | Byggjstart   |                          | 2020         | PL     |                          |                                 |
| HL11 | Overlevering av bygg   |                          | 2022         | PL     |                          |                                 |
| HL12 | FO/KO - Sluttregnskap  |                          | 2022         | PL     |                          |                                 |

### 3.5 Samanheng med andre prosjekt og aktivitetar

- Rullering av kommunedelplan for skule i Lindås 2020-2030
- Rullering av kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2016
- Ny trase for E 39 – kommunedelplan E 39 Flatøy - Eikefettunnelen
- Rullering av kommuneplan – arealdel

## 4 Organisering, ansvar og bemanning

### 4.1 Organisering – del 1 Programmering (Organisasjon byggherre)



### 4.2 Rapportering og kommunikasjon

Styringsgruppa, inkl. rådmann har møte ved behov.

Prosjektgruppa har i periodar faste møter annankvar veke. Under arbeidet med moglegheitsstudie vert det prosjektmøter etter behov. Prosjekterings- og prosjektleiar rapporterer til einingsleiar eigedom og vidare til prosjektansvarleg.

Det vert hyppige møter mellom prosjektleiar/prosjektgruppa og innleigde konsulentar undervegs i arbeidet. Møteplan her er ikkje sett, men oppstartsdato vert fredag 23.09.16 kl. 09.00.

Det vert arrangert eit felles oppstarts- og informasjonsmøte med brukar- og referansegruppa i august 2016. Vidare ønskjer administrasjonen tilbakemeldingar frå desse gruppene i september. Innspela vert lagt fram for politikarane saman med forstudiet i november, og det vert der gjort ein silingsprosess. Det er mogleg at vi treng ein ny runde med brukarar og referansegruppe i januar 2017 (i den fasen der ein berre ser på nokre få alternative tomtar), men det må vurderast nærare.



- Torsdag 25.08.16 kl. 14.00 – infomøte for brukar- og referansegruppe.
- Brukargruppemøte/referansegruppemøte i slutten av september med framlegg av innspel.
- Eventuelt nytt brukarmøte under arbeidet med mogleighetsstudiet – når det berre jobbast med nokre få tomtealternativ.

### 4.3 Bemanningsplan

| Namn                 | Organisasjon | Avtalt deltaking i prosjektet | Rolle                   | Kompetanseområde |
|----------------------|--------------|-------------------------------|-------------------------|------------------|
| Kristin Moe          | LK           |                               | Prosjektansvarleg       |                  |
| Therese Braseth      | LK           |                               | Einingsleiar eigedom    |                  |
| Inger Marie Jordal   | LK           |                               | Prosjektleiar           |                  |
| Linn Hagen           | LK           |                               | Prosjektmedarbeidar     |                  |
| Inger Marie Jordal   | LK           |                               | Tryggleiksansvarlig     |                  |
| Inger Marie Jordal   | LK           |                               | Kvalitetsansvarlig      |                  |
| Linn Hagen           | LK           |                               | Intern kvalitetssikrar  |                  |
| Therese U. Braseth   | LK           |                               | Intern kvalitetssikrar  |                  |
| Eksterne rådgjevarar |              |                               | Ekstern kvalitetssikrar |                  |

### 4.4 Plan for overføring til linjeorganisasjon / forvaltning

- Prøvedrift av tekniske anlegg.
- Lagring av FDV og annan dokumentasjon i iBinder.

## 5 Prioritering og finansiering

### 5.1 Finansiering

Under delmål 1 og 2 ligg det pr. i dag ingen midlar.

**Administrasjonen tilrår at det avsettast totalt 340 000 kr. til ein todelt moglegheitsstudie utført av eksterne konsulentar.** Fase 1 (forstudie) kostar ca. 150 000 kr og fase 2 (moglegheitsstudie) ca. 190 000 kr.

Følgjande punkt er det ikkje avsett midlar til pr. i dag:

- Midlar til ny infrastruktur.
- Midlar til utvida skuletomtareal.
- Areal og midlar til kultur og idrett.

Tabellen under viser budsjetterte midlar i prosjektet, frå og med 2019.

| BRUTTO<br>INVESTERINGAR       | Prosjektkostnad | Budsjett<br>2017 | Budsjett<br>2018 | Budsjett<br>2019 | Budsjett<br>2020 | Sum 2017-<br>2020 |
|-------------------------------|-----------------|------------------|------------------|------------------|------------------|-------------------|
| Ny skule<br>Eikanger/Kløvheim | 115 000         |                  |                  | 20 000           | 45 000           | 65 000            |

*Tabell frå ØKONOMIPLAN 2017-2020 16.06.2016 – Investeringsbudsjett*



## 6 Risikoanalyse

For sannsynlegheits- og konsekvensvurderingar vert skalaen 1-9 nytta, der 1-3 tilsvarar liten, 4-6 tilsvarar medium og 7-9 er høgst sannsynlegheit hhv. risiko.

| ID | Risikopunkt  | Konsekvensskildring   | S | K |
|----|--|---|---|---|
| 1  | Tomteoppkjøp. Dersom det ikkje er semje med grunneigar kan ekspropriasjon verte aktuelt.                       | Økonomi og framdrift.   | 4 | 3 |
| 2  | Reguleringsarbeid. Rullering av kommunedelplan areal. Ferdig våren 2019.                                       | Framdrift. Dersom planarbeidet går som planlagt, vert det ikkje konsekvensar for prosjektet.  | 1 | 4 |
| 3  | Infrastruktur – veg  | Vesentleg økt kostnadsramme med omsyn til tilkomstveg og for utbetring av kommunale vegar. (Til dømes rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen.) Det ligg ikkje inne midlar i økonomiplan for delfinansiering frå vegavdelinga i kommunen.              | 6 | 4 |
| 4  | Infrastruktur – vann og avlaup   | Kostnad, omfang og tid. I fleire aktuelle område er det verken vann eller avlaup. Sannsynet for ny infrastruktur med vatn og avlaup er stor, men dette kan leggst i grøft ved ny eventuell veg – og økonomisk konsekvens er derfor ikkje vesentleg. | 6 | 3 |
| 5  | Ny trase for E39. Tomteplassering og tilkomstvegar for skule må ikkje komme i konflikt med planar for ny E 39. | Skuleprosjektet må tilpassast planane for ny E 39.  | 1 | 9 |
| 6  | Semje om plassering  | Dersom det vert store diskusjonar og usemje blant innbyggjarar og politikarar, kan dette temaet utsette prosjektet.   | 3 | 4 |

### Sannsynlighet

|        |       |        |     |
|--------|-------|--------|-----|
| Høg    |       |        |     |
| Medium | 1, 4  | 3      |     |
| Liten  |       | 2, 6   | 5   |
|        | Liten | Medium | Høg |

**Konsekvens**